



Arkiv nr:

Sak nr 14/2016

Møtedato: 4.4.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Motorkjøretøy på vinterføre, behandling etter § 12 i fjellova

I rundskriv t 1/96 om motorferdsel i utmark står det: Bakgrunn for "Lov om motorisert ferdsel i utmark" er at en ut fra et samfunnsmessig helhetssyn skal regulere motorferdselen i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivsel. Det må i lys av dette være adgang til legge betydelig vekt på hensynet til å begrense motorferdselen i utmark til et minimum. Fjellstyret skal i følge fjellova § 3 arbeide for naturvern- og friluftinteressene. Med bakgrunn i dette har fjellstyret tidlegare teke opp kommunen si behandling av motorisert ferdsel i utmark. Fjellstyret og politi har spesielt klaga på at upresis formulering i løyva gjorde det vanskeleg å kontrollere, at det var gjeve løyver til formål i strid med lov, at det totalt var for mange løyve og at lokal forskrift ikkje var offentleggjort på lovdata.

Oppsyn er utfordrande og vanskeleg arbeid. Det er difor viktig med klare og oversiktlege reglar. Ikkje alle respekterer lov og forskrifter og det gjer at oppsynet må rapportere saker til politiet. På grunn av dette har fjelloppsynet fått truslar mot seg og si familie. Politiet meiner oppsyn med motorisert ferdsel er så utfordrande at fjelloppsynet normalt ikkje bør drive slik oppsyn åleine. Det er derfor ekstra viktig at saksbehandling følger dei rammer som er sett i lovverket. Ikkje alle vedtak i kommunen har vore i samsvar med lov/forskrift og slik praksis støttar oppunder synspunkt om at lovverk knytt til motoriset ferdsel ikkje er nødvendig å følge. Det er derfor viktig at fjellstyret som arbeidsgjevar følger opp på ein god måte for å sikre eit trygt og godt arbeidsmiljø for sine tilsette.

I formannskapsvedtak 44/07 er det gjeve 31 løyve til leigekjøring og det er i følge liste frå kommunen er det totalt 56 løyve, inkl. leigekjøringsløyve. Kommunen vedtok ny lokal forskrift i desember 2015 og skal no starte opp prosessen med å revidere leigekjøringsløyva og enkeltdispensasjonar. Kommunen har opplyst at dei vil trekke tilbake alle dispensasjonane når vintersesongen 2015/2016 er over.

Etter §10 lov om motorferdsel i utmark kan grunneigar styre motorferdsel på sin eigen grunn. Tidlegare hadde Statskog denne retten i statsallmenningen, men frå juni 2015 er det fjellstyret som har denne styringsretten. Dette går fram av §12 3. ledd i fjellova; Rett til å forby eller redusere motorferdsel i statsallmenning for andre enn Statskog SF, ligg til fjellstyret. Før fjellstyret tek avgjerd, skal Statskog SF og i tilfelle allmenningsstyret ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka. Vedtak etter §12 om styring av motorferdsel er privatrettsleg. Dette betyr at fjellstyret kan setja dei vilkår ein ynskjer for tildeling av løyve og dessutan krevje betaling av gebyr for saksbehandling. Kommunen kan berre gi løyve innanfor dei rammer fjellstyret har sett.

Statskog har på telefon opplyst at dei berre ynskjer saker til uttale når det er aktuelt å skrive avtaler med løypelag, slik at dei kan ivareta interesser når det gjeld skilting, opprydding m.m. Allmenningsstyret skal høyrast om det om saka vedkjem skogen. Det er ikkje tilfelle i det som blir behandla i denne saka. Om det skal lagast ny trasé og det må hoggast skog, er det naturleg at allmenningsstyret blir høyrst.

Lokal forskrift vedteke 11.12.15:

§ 3.Føresegner for bruk av motorkjøretøy på vinterføre

Generelt

Transportbehov skal primært dekkast ved leigekjøring. Løyve tildelast innanbygdsbuande som helst kombinerer slik transport som er direkte heimla i lov eller forskrift.

Løyve for leigekjøring tildelast for ei periode på 4 år, og kjøring skal skje etter nærare fastsette vilkår. Ved brot på fastsette vilkår kan løyvet inndragast.

Føresegn for kjøring i medhald av nasjonal forskrift § 3 andre ledd:

- a) *Generelt skal all kjøring heimla i nasjonal forskrift § 3 skje etter transportløype for snøskuter i kvar tid gjeldande løypeplan. Når transportløype ikkje kan brukast, kan kjøring skje etter trase for sommarveg, langs skiløype. Kjøring skal om mogleg foregå på kvardag.*
- b) *Kjøring med heimel i nasjonal forskrift § 3 bokstav e skal foregå etter kvar tid gjeldande løypeplan for kommunen*
- c) *Vintersesongen reknast fram til 1. mai. Kjøring etter den tid er forbode. Dei som er tildelt løyve for motorisert ferdsel i utmark skal levere kjørebok til kommunen innan 15 mai kvart år. Kjørebok skal førast fortløpande og skal kunne framvisast ved kontroll. Kjørebok skal minimum innehalde opplysningar om dato, kjørestrekning, oppdragsgjevar, telefonnr. til oppdragsgjevar og om mogleg signatur til oppdragsgjevar.*

Tidlegare løyve har vore lite presise. Kommunen har signalisert at dei vil rette opp i dette ved revisjon av løyva/retningslinjer og at dette vil bli gjort i nært samarbeid med politi og fjelloppsyn. Lokal forskrift, som kommunen vedtok i desember 2015, har alt retta noko på dette. Behovet for at fjellstyret presiserer vilkår i egne reglar er derfor ikkje nødvendig i fyrste omgang. Om resultatet av kommunen si behandling ikkje er tilfredstillande, må fjellstyre vedta egne retningslinjer. Fylkesmannen har tilrådd at alle skuterar bli merka med løyvenummer og det bør fjellstyret stille som eit krav. Kommunen bør utarbeide og stå for utsending av merke. Om kommunen ikkje dekkar utgiftene, må fjellstyret stille som vilkår at det blir belastast løyvehavar. Det må vidareførast krav om at kjøring må følgje løypekart. Oppdatertert kart følgjer med som vedlegg til saka.

Formannskapet skreiv i 1993 at det var overkapasitet på løyva. Det var då 23 leigekjøringsløyve. Dei vedtok at talet på leigeløyve skulle reduserast og at dette skulle skje ved naturleg avgang. Kommunen har ikkje redusert talet på løyve, men har i staden auka talet på leigekjøringsløyve til 31 (30 løyver i vestfjellet) i 2006/2007. Leigekjøringsløyva har ikkje vore behandla etter 2007. Sidan 1993 og 2007 har ein stor del av vegnettet vorte vinterbrøytt og det gjer at behovet for kjøring er redusert. Fylkesmannen har også gjeve signal om at talet på løyve er for høgt. Talet på leigekjøringsløyve bør kunne reduserast til under 1993-nivå og til det halve av 2007-nivå. Dette bør kunne gjerast utan at det går ut over tilbodet til dei som har behov for transport. Dei som har hatt løyve og som vil gje tilbod gjennom heile vinteren bør prioriterast ved løyvetildeling. Reduksjon talet på løyve vil sikre grunnlaget for dei som vil drive transport som næring. Dette samsvarar også med §3 i fjellova om at fjellstyret skal arbeide for lokalt næringsliv.

Kven av sækjarane som skal få tildelt løyve er ikkje vesentleg for fjellstyret, så lenge dette er personar som forpliktar seg til å kjøre når det er behov. Sjølv om fjellstyret ikkje behandlar kvart leigekjøringsløyve, vil ev. brot på vilkåra vil føre til at fjellstyret trekker løyvet til vedkomande tilbake. Tidlegare erfaring viser at kommunen har gjeve løyve som det ikkje er grunnlag for. Enkeltsoknader om dispensasjon bør derfor behandlast av fjellstyret. Fjellstyret har i snitt tre møter i løpet av vinteren. For å få ei rask nok behandling av saker, bør fullmakt til dispensasjon delegerast til dagleg leiari. Dette er tilsvarande ordning som det er i kommunen. Det kan utarbeidast nærare reglar for saksbehandlinga om ein ser at det er behov for det. For dispensasjonar til transport av ved frå hogstplass til sumarveg/støl, bør det vera nok at dette blir behandla av kommunen. Motorisert ferdsel bør vera minimal i ferietider og det bør ikkje gjevast dispensasjonar til transport av ved i jul, vinterferie og påske. Dette er presisert i lokal forskrift §3a der det står at transport om mogleg skal skje på kvardagar.


Preparering av skiløyper kan skje utan løyve frå kommunen når det skjer ut frå turistbedrifter, idrettslag o.l. Sidan kommunen ikkje kan styre dette, har Statskog tidlegare vedteke at løypepreparering i statsallmenningen er avgrensa til Vasetløypene, Nøsen løypelag, Vestfjelløypene og Valdres trekkhundklubb (allbruksløype) etter fastsette vilkår. Etter lovendring må fjellstyret gjera tilsvarande vedtak og gjera egne avtaler med laga.

Framlegg til vedtak:

Med heimel i §12 i fjellova fastsett fjellstyret følgjande reglar for motorisert ferdsel på vinterføre i utmark:

1. All kjøring med motorkjøretøy på vinterføre skje etter kortaste strekning frå brøytt veg og skal følgje løypekart for statsallmenningen (oppdatert 2016). Når løypekart ikkje kan følgjast, skal kjøring skje etter ubrøytt sumarveg, ved sidan av brøytt veg eller langs preparert skiløype.
2. Enkeldispenasjonar skal visast til leigekjøring når det er mulig.
3. Talet på leigekjøringsløyve skal avgrensast til maksimalt 15 stk. Kven som blir tildelt leigekjøringsløyve blir avgjort av kommunen. Løyvet gjeld for transport av bagasje/utstyr mellom bilveg og hytte, tilsyn med hytter når det ligg føre skriftleg avtale med oppdragsgjevar og transport av ved mellom hogstplass og sumarveg/støl. Løyveinnehavar kan vidare ta oppdrag etter §3 og dispensasjonar etter §§ 5 og 6 i nasjonal forskrift. Løyvet gjeld ikkje persontransport, men løyvehavar kan ta med passasjer når det ikkje fører til ekstra kjøring.
4. Fjellstyret stiller som krav at snøskuter som skal nyttast til leigekjøring skal merkast med lett synleg klistremerke med løyvenummer. Merke skal utformast i samarbeid med fjellstyret og politi. Fjellstyret stiller som vilkår at kostnad til merke blir belasta løyvehavar om dette ikkje blir betalt av kommunen.
5. Kjøring skal om mogleg skje på kvardagar og det bør ikkje gjevast dispensasjonar for jul, vinterferie eller påske.
6. Søknad om løyve til transport av ved frå hogstplass til sumarveg/støl kan avgjerast av kommunen utan behandling av fjellstyret. Ved søknad om dispensasjon må det leggjast med kart over transportstrekning og mengde ved. Det er ein føresetnad at løyvet er avgrensa til ei kort periode og ikkje gjeld for jul, vinterferie og påske.
7. Kommunen sine generelle retningslinjer skal utarbeidast i nært samarbeid med politi og fjelloppsyn. Fjellstyret vil utarbeide egne retningslinjer om det er nødvendig.

8. Andre søknader om dispensasjon skal behandlast av fjellstyret. Avgjerd i enkeltsaker blir delegert til dagleg leiar. Behandla søknader skal refererast i fjellstyremøte. Det kan utarbeidast nærare reglar for saksbehandlinga om ein ser at det er behov for det. Fjellstyret vedtek eit gebyr på kr 1000 (årleg indeksregulert) for behandling av enkeltsøknader.
9. Løypekjøring er avgrensa til Vasetløypene, Nøsen løypelag, Vestfjelløypene og Valdres trekkhundklubb (allbruksløype). Det skal utarbeidast eige avtale for kvart lag basert på standardavtale som er tilrådd av grunneigar- og friluftsansjonane. Avtale er avgiftsfri for laga.
10. Brot på vilkår stilt i løyvet vil føre til at fjellstyret vil trekke tilbake rett til kjøring i statsallmenningen.



Åshild Reien reiste framlegg å godkjenne framlegg til vedtak med følgje endring av tekst i punkt 8: *Fjellstyret stiller som krav at kommunen drøftar søknader om dispensasjon med fjellstyret v/administrasjon.*

Ragnhild Strømmen Strand stemte for administrasjon sitt framlegg til vedtak og resten av styret stemte for Åshild Reien sitt framlegg.

Vedtak:

Med heimel i §12 i fjellova fastsett fjellstyret følgjande reglar for motorisert ferdsel på vinterføre i utmark:

1. All kjøring med motorkjøretøy på vinterføre skje etter kortaste strekning frå brøyt veg og skal følgje løypekart for statsallmenningen (oppdatert 2016). Når løypekart ikkje kan følgjast, skal kjøring skje etter ubrøyt sumarveg, ved sidan av brøyt veg eller langs preparert skiløype.
2. Enkeldisposisjonar skal visast til leigekjøring når det er mulig.
3. Talet på leigekjøringsløyve skal avgrensast til maksimalt 15 stk. Kven som blir tildelt leigekjøringsløyve blir avgjort av kommunen. Løyvet gjeld for transport av bagasje/utstyr mellom bilveg og hytte, tilsyn med hytter når det ligg føre skriftleg avtale med oppdragsgjevar og transport av ved mellom hogstplass og sumarveg/støl. Løyveinnehavar kan vidare ta oppdrag etter §3 og dispensasjonar etter §§ 5 og 6 i nasjonal forskrift. Løyvet gjeld ikkje persontransport, men løyvehavar kan ta med passasjer når det ikkje fører til ekstra kjøring.
4. Fjellstyret stiller som krav at snøskuter som skal nyttast til leigekjøring skal merkast med lett synleg klistremerke med løyvenummer. Merke skal utformast i samarbeid med fjellstyret og politi. Fjellstyret stiller som vilkår at kostnad til merke blir belasta løyvehavar om dette ikkje blir betalt av kommunen.
5. Kjøring skal om mogleg skje på kvardagar og det bør ikkje gjevast dispensasjonar for jul, vinterferie eller påske.

6. Søknad om løyve til transport av ved frå hogstplass til sumarveg/støl kan avgjerast av kommunen utan behandling av fjellstyret. Ved søknad om dispensasjon må det leggjast med kart over transportstrekning og mengde ved. Det er ein føresetnad at løyvet er avgrensa til ei kort periode og ikkje gjeld for jul, vinterferie og påske.
7. Kommunen sine generelle retningsliner skal utarbeidast i nært samarbeid med politi og fjelloppsyn. Fjellstyret vil utarbeide egne retningsliner om det er nødvendig.
8. Fjellstyret stiller som krav at kommunen drøftar søknader om dispensasjon med fjellstyret v/administrasjon.
9. Løypekjøring er avgrensa til Vasetløypene, Nøsen løypelag, Vestfjelløypene og Valdres trekkhundklubb (allbruksløype). Det skal utarbeidast eige avtale for kvart lag basert på standardavtale som er tilrådd av grunneigar- og friluftorganisasjonane. Avtale er avgiftsfri for laga.
10. Brot på vilkår stilt i løyvet vil føre til at fjellstyret vil trekke tilbake rett til kjøring i statsallmenningen.

Vedtak etter § 12 kan ikkje påklagast til departementet (jf fjellova §10 andre ledd andre setning)..

Harald Ranum
sekretær

Vestre Slidre fjellstyre den 6.4.16

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Statskog